Skalldyr og jazz på Oska. 19.07.2017

Bandet då dei spela på Bøkkerkvelden i 2014.

Skalldyrborda på Oska har vore svært populære også denne sommaren. Sist veke var det fullbooka fleire dagar på førehand. Torsdag 27.juli vert det servert publikumsvennleg jazz etter etegildet. Då spelar Borge Olsen Kvintett frå kl.22. Kjell Borge Olsen har spela på Bøkkerkvelden på Rød i 20 år med litt skiftande besetning. No har han med seg superlaget frå eit par år sidan. I pressemeldinga les vi:

I 20 år har Kjell Borge Olsen stilt med jazzband på Jonsok-feiringa i Bøkkerverkstaden på Rød. Kjennemerket har vore jazz på høgt nivå, og Borge Olsen har for vane å få med seg profesjonelle musikarar. Slik blir det og denne kvelden. Borge Olsen har henta inn eit knippe eminente musikarar med lang fartstid frå jazzmiljøa i Bergen og Trondheim. Her finn vi Are Ovesen på trompet, Leif Henrik Borge Olsen på gitar, Bjarne Øymyr på piano og Alex Grieg på kontrabass.

Det blir lyttarvenleg jazz av den melodiøse sorten. Utgangspunktet er standardjazz med swing, bossa nova og meir. Det betyr at kjente melodiar som til dømes Summertime, Alice in Wonderland og Girl from Ipanema lett kan komma til å dukke opp på spelelista. Det heile presentrert med laus jakke, flotte musikalske presentasjoner og godt humør. Skal ikkje sjå bort frå at dei som seier dei ikkje likar jazz, også vil like musikken denne kvelden!

Musikarar

- Are Ovesen - trompet
- Leif Henrik Borge Olsen - gitar
- Bjarne Øymyr - piano
- Alex Grieg - kontrabass
- Kjell Borge Olsen - trommer

Konserten begynner etter skalldyrbordet ca. kl. 22.00 og er i utgangspunktet forbeholdt deltakarane på etegildet. Den er open også for andre så langt det er plass.
Skalldyrbordet byrjar klokka 19:00 og kostar kr. 310,-. Konsertbilletten kostar kr.70,-

Tekst: Pressemelding
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen

Nett: Thor Inge Døssland